

20 år med Bøkkerkveldar - målet er nådd.

23.06.2017



I vakkert ver er det stemningsfullt ute på Bøkkerkaien.

Målet er nådd i morgon, laurdag. Årleg, berre med eit års pause, har det vore skipa til Bøkkerkveldar med jazz og program på Rød i 20 år. Med oppstart i 1996 og pause i 2011 er det jubileum i år. Den siste Bøkkerkvelden i noverande form går med andre ord av stabelen i morgon. Kom og ver med på ein minnerik kveld på Rød.

Kjell Borge Olsen har vore ein trufast ven i mest alle dei 20 åra, med ei jazzgruppe av dei beste i regionen. Lubbesild frå Hjønnevåg er fast på menyen. Mange er dei kåsørane som har vore innom Bøkkerkverkstaden på desse åra. Det er berre å nemna: Ivar Vaage, Trude Aarsand, Reidar Myklebust, Dag Helland, Aasmund Taarn Sande, Otto Erslund og Ola Matti Mathisen. I morgon er det Elin Legland som er kåsøren.

Bjørn Skibenes var, så lenge han levde, ein fast gjest med opplesing og deklamasjon.

Hallvard Rød eig Bøkkerkstaden Bygdetunet Rød (Kvinnherad kommune) har avtale om bruk på 25 år. Det er nokre år att før avtalen går ut og evt. må fornyast.

Det er enno ledige plassar i Bøkkerkverkstaden i morgon kveld. Dårleg ver og regn er ikkje noko problem. Alle sit lunt og godt inne i sjøbua. Det er fyr på grua.

Dersom du ynskjer å vera med, ta kontakt med Kristian Bringedal på mobil: 915 31 487. Kom gjerne med båt. Det er god plass på Bøkkerkaien.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Bøkkerveld med jazz, kåseri, song- og musikkinnslag og lubbesild.